

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 17.10.2013

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- STATUSRAPPORT FINANSFORVALTNING PR.
31.08.2013
- BEREDSKAPSPLAN - REVISJON 2013
- DRIFTSRAPPORT 2. TERTIAL 2013
- TILSTANDSRAPPORT FOR OPPVEKSTSEKTOREN
2013
- ORIENTERING OM VEDTAK OM KONSESJON TIL
DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik
kl. 12.00.
Sakstilfangeset oppfølging ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på
internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan komme til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Stor kriseøving i Brekke-området 30. oktober

Gulen kommune skal delta i politiet si nasjonale kriseøving - TYR 2013. Hendinga vil vere ein kollisjon mellom ferje og passasjerbåt i Sognefjorden, om lag midtfjords mellom Bekksneset og Takle.

Det er ca 30 organisasjonar som deltek i øvinga, både frivillige organisasjonar som Røde Kors, nasjonale tilbod som Kystvakta, regionale instansar som Helse Vest og lokale tilbod, både private og kommunale. Alle desse vil øve på oppgåver dei kan tenkast å få i ein reell situasjon. Eit viktig moment vil vere å få testa korleis alle greier å samarbeide og kommunisere seg i mellom. Mobil- og datanett vil få ein belastning utanom det vanlege. Vi vil be om at andre prøver å avgrense bruken av nettet den dagen. Om du tek bilet av det som skjer, så vent til kvelden med å dele det!

Kommunen vil øve på å ta imot personar frå båtane, og å ta vare på dei i den første tida.

Vi opprettar eit mottak ved kaia på Brekke. Hovudaktiviteten vil skje på baksida av bygningane, slik at drifta ved Joker-butikken skal vere så normal som mogeleg. Vi ber likevel om at du ikkje parkerer ved butikken dersom du vert borte heile dagen. Det kan verte aktuelt å ta ned helikopter på parkeringsplassen eller ved kanten der ferjelemmen var. Det vil bli sett opp oppslag om dette når datoene nærmar seg.

Det vert oppretta eit evakuertsenter i Risnehall. Det kan bli ein del trafikk av utsynsbilar, bussar og mogeleg helikopter. Skulen og barnehagen skal gå som vanleg, men barna/elevane og deira føresette får informasjon om ein litt annleis dag. Vi vil teste ut varsling via SMS.

Alle kommunale tenester skal vere i drift, men mange tilsette skal øvast, både brann- og redningspersonell, helsepersonell og andre. Leiargruppa til rådmannen, ordførar og ekspedisjonen kommunehuset skal øve på kriseleiing og informasjonshandtering. Det kan derfor skje at møte og avtalar må flyttast og at telefonar og e-postar ikkje vert svara på.

Det vil også verte informasjon om øvinga i ulike media og på heimesida til Gulen kommune i tida fram til øvingsdagen.

Høg valdeltaking ved stortingsvalet



Av 1721 røysteføre i Gulen kommune var det 1406 som avga røyst til stortingsvalet 2013. Dette gir ei valdeltaking på **81,7 %**, noko som plasserer kommunen svært høgt i Sogn og Fjordane! Dette vitnar om eit stort engasjement blant innbyggjarane i kommunen.

20. oktober er det TV-aksjon!

INGEN TID Å MISTE. TV-aksjonen 2013 går til Nasjonalforeningen for folkehelsen og deira arbeid med sjukdommen demens.

Over 70 000 menneske i Noreg har demens. Dette talet vil verte dobla i løpet av dei neste tiåra. Pengane fra TV-aksjonen 2013 skal nyttast på tre områder:

- Forsking på demens for å kunne løyse gåtene desse sjukdomane er
- Betre livskvaliteten for demensjuke og deira pårørande
- Auke forståinga for sjukdommen som mange i dag opplever som tabubelagt

For meir informasjon om tv-aksjonen les her
<http://www.blimed.no/>



Gulatingsprisen 2013 og frist for innspel

Den aller første Gulatingsprisen vart delt ut 11.12.2008.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er i følgje statuttane å:

"Gje honnør til lag, verksemder, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggja tilhøva til rette for andre".

Kven synest du fortener Gulatingsprisen? Grunngjevne forslag sender du til Gulen kommune, Eivindvikveien 1119, 5966 Eivindvik

Frist for innspel er 20.11.2013

Formannskapet vurderer føreslegne kandidatar og tildeler prisen.



Tusenårsstaden
i Sogn og Fjordane

Tusenårsstaden inviterer til idédugnad og stor folkefest i 2014

Tusenårsstaden Gulatinget formidlar ein viktig nasjonal og internasjonal kulturarv: Her starta den norske representative styringsforma for meir enn 1000 år sidan. Såleis danna Gulatinget og utforminga av Gulatingslova grunnlaget for at Noreg vart ein demokratisk rettsstat. Denne praksisen med tingsete og lovutforming viste seg å fungera så godt i Noreg at den vart eksportert til mange andre land. Det islandske Alltinget vart etablert i år 930 etter modell av Gulatinget. Gulatingslova vart seinare ein viktig del av den norske Grunnlova.

I samband med Grunnlovsjubileet 2014 spelar Tusenårsstaden Gulatinget ei viktig rolle og **fylket si hovudmarkering vil finna stad i Gulen 28. juni 2014**. Her kjem også representantar frå det offisielle Noreg. Gulen kommune og Tusenårsstaden Gulatinget ynskjer å invitera innbyggjarane i kommunen med på idédugnad og deltaking under feiringa. Det vert lagt opp til ein stor folkefest i heile kommunen i denne perioden med aktivitetar heile veka (24.-28.06.2014).

Merk dykk denne datoën! Vi oppmodar alle lag og organisasjonar om å vera med på arrangementa, samt ikkje leggja opp eigne konkurrerande arrangement akkurat desse dagane.

Det vert òg etablert ein **kommunal Grunnlovs komite** i Gulen. Mandatet er å førebu og gjennomføra grunnlovsarrangementa i Gulen i 2014 på ein god måte med lokal medverknad og godt samarbeid med regionale og nasjonale instansar innanfor vedtekne budsjett. Leiar: Rådmann Reidun K. Halland. Ei arbeidsgruppe for innhald/kultur, ei arbeidsgruppe for teknisk/infrastruktur. Informasjon om arbeidet i denne komiteen vert sendt ut seinare.

[Vi er takksame for innspel til aktivitetar og idear frå innbyggjarane i Gulen.](#)

espen.selvik@gulen.kommune.no
telefon 409 24 700

Espen Selvik prosjektleiar Tusenårsstaden Gulatinget

Søknadsfrist for spelemidlar

Fristen for innlevering av søknad om spelemidlar er **15.11.2013**. Hugs at det er krav om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning frå kommunen før ein set i gang arbeidet med anlegget. Ta kontakt med kommunen v/kulturkonsulent så tidleg som mogleg i søknadsprosessen for å få hjelp og tips til søknaden.

Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet ute på høyring

Den kommunale planen for idrett og fysisk aktivitet 2014-2017 er lagt ut på høyring. I framlegget til plan som no ligg føre, har administrasjonen valt å presentere tre alternative handlingsprogram som både tek omsyn til dei mottekte innspeila og kommunen sin økonomi. Det er no veldig viktig at lag, organisasjonar og andre aktørar kjem aktivt på bana for diskutere dei ulike alternativa og på denne måten komme fram til den beste løysinga.

Alle offisielle innspel til høyingsutkastet må vere skriftlege og sendast til postmottak@gulen.kommune.no, ingvild.hoydal@gulen.kommune.no eller Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.

Høyingsfrist er 25.10.2013.

Bekymra og i tvil om kva du skal gjere? Snakk med KLAFF!

Har du bekymringar om eit eller fleire born si åtferd eller velferd – dine eigne eller andre – som du synes det kan være godt å drøfte med fagfolk? Då kan du møte oss i KLAFF til ei samtale.

KLAFF er ei uformell tverrfagleg gruppe beståande av PPT, helsesøster og barnevernstenesta, der du – forelder, nabo, fritidsleiar eller lærar, gjerne anonymt og uforpliktande kan ta opp bekymringar for born du kjenner til.

Møteplan klaff haust 2013

- Byrknes skule og barnehage 23.10.2013
kl 09.30 – 11.30
- Dalsøyra skule og barnehage 07.11.2013
kl 09.00-11.00
- Eivindvik skule og barnehage 08.11.2013
kl 09.00 – 11.00
- Brekke skule og barnehage 12.11.2013
kl 09.00 – 11.00

Skule- og barnehagerute 2013-2014



Hovudutval for oppvekst har fastsett ferie- og fridagar for skulen, samt planleggings-dagar for barnehagane, i skuleåret 2013/2014. Desse dagane er barnehagane stengde!

Grunnskulen

November

Elevfri dag: Måndag 18. november.

Desember

Siste skuledag før jul: Fredag 20. desember.

Januar

Første skuledag: Torsdag 2. januar.

Februar

Vinterferie: Måndag 17. – fredag 21.februar (veke 8).

Byrknes skule og barnehage kan tilpasse vinterferien til Hordaland om dei ynskjer dette.

April

Lærarstemne og elevfri dag fredag 4. april.

Siste skuledag før påske: fredag 11. april.

Første skuledag etter påske: tysdag 22. april.

Mai

Elevfrie dagar: 02. og 30. mai.

Juni

Siste skuledag: Fredag 20. juni.

Planleggingsdagar i barnehagen

Måndag 12. august

Måndag 7. oktober

Måndag 18. november

Torsdag 2. januar

Fredag 30. mai

Familiekonsert:

Laurdag 26.10.2013 kl.16 vert det familiekonsert i Gulen kyrkje med Bjarte Leithaug.

Alle born frå 1.-7.klasse er spesielt inviterte, og det vert lagt opp til eit «stort» barnekor.

1. des. - 1. sundag i advent vert det jubileumsgudsteneste i Gulen kyrkje kl.11.00.
Etterpå vert det kyrkjemiddag på Eivindvik skule.

Alle er inviterte.

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt



I dag pågår 21 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for trafikktrygging

Planprogrammet vart godkjent og planarbeidet pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune

Samfunnssdelen vart lagt ut på høyring med frist 25.10.2013.

Arealdelen vert no utarbeidd og drøfta i planforum.

Kommundelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Planen ligg ut på høyring med frist 25.10.2013.

Reguleringsplanar:

- * Godkjent plan i kommunestyre den 06.09.2013
- Halsvik industriområde – rørhandteringsanlegg
- * Overordna vurdering med rullering av kommuneplan

- Kvernevågen, næring og hyttefelt
- Krekebærtua, hyttefelt

- * Ny handsaming av
- Randal hytter, gbnr. 86/3, endring

- * 1. gongs høyring
- Veg til Kyrkjøyna, endring, Rutledal, frist 25.10.2013
- Skipavika Næringspark, gbnr. 79/4,33, frist 25.10.2013
- Fivelsdal gbnr. 78/3, hytter, frist 25.10.2013

- * Planarbeid pågår
- Sollibotn industriområde
- Nappen hyttefelt, Mjømna
- Storevågsneset, Brandanger
- Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1, Nyborg
- Alexela industriområde – Sløvåg sør – terminal med kai
- Gulen industrihamn, reguleringsendring

Støttekontakt

Sone Brekke har behov for støttekontakte.

Interesserte kan kontakte Eva Vågheim eller Mona Hjartholm på telefon 57 78 21 01 / 57 78 56 67.

Nytt frå NAV Gulen



Måndag 21. oktober vil sjølvløysinga på DITT NAV bli utvida, det blir no mogleg å utføre følgjande oppgåver:

- Legge til mellombels adresse
- Registrere og endre kontonummer
- Endre e-postadresse og telefonnummer
- Elektronisk søknad for AAP
- Elektronisk søknad for dagpengar
- Elektronisk søknad for foreldrepengar
- Sende inn skjema
- Ettersende vedlegg
- Innstillingar for synshemma

Fordelar ved Ditt Nye NAV:

- Kan gå inn når som helst på døgnet
- Spare tid og porto
- Sendt søknad gjeld umiddelbart, får kvittering samstundes
- God oversikt
- Større retts- og personverntryggleik

Pålogging kan skje via følgjande sikkerheitsnivå:

NIVÅ 4:

- BankID
- Commfides
- Buypass

NIVÅ 3:

- MinID

NIVÅ 2:

- Passord og brukarnamn

Vi vil oppmøde alle til å bruke nivå 4, BankID, Commfides & Buypass, som er det høgste sikkerheitsnivået, og der du har flest tilgangar.

Fredheimtunet aktivitetssenter

OPENT TORSDAG KL. 08.30 – 15.30

Fredheimtunet er eit aktivitetstilbod for brukarar med særskilte behov.

Vi lagar blant anna tennbrikettar, sitteunderlag, kort, lys, nøkkelenipper, m.m. for sal og bestilling. Tlf: 57 78 32 88.

Kom gjerne innom!!

Med vennleg helsing

Hilde Bøe Vabø og Bjørg Johanne H. Haugland
v/PU tenesta på Dalsøyra